

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

2025/12229-
Dykkar ref: 10
Vår ref: 2025/209294
Dato: 09.10.2025

Mattilsynets innspel til planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland

Vi viser til høyring av planprogrammet for regional plan for areal og mobilitet i Vestland 2024–2028, vedteke av fylkestinget 12. desember 2024.

Mattilsynets rolle

Mattilsynet er statleg sektormyndigheit for planter, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevatn. Som høyringsinstans skal vi medverke til at nasjonale og regionale interesser innanfor desse forvaltningsområda blir tekne vare på. I denne høyringa er tema om drikkevatn, akvatiske dyr og plantehelse relevante.

Oppsummering:

Mattilsynet gir følgjande innspel og tilrådingar:

- Drikkevatn og kjeldevern er ein del av folkehelse og klimatilpassing.
- Helse og velferd hos akvatiske dyr bør integrerast i kyst- og miljøforvaltninga.
- Plantehelse og tiltak mot spreiding av planteskadegjerarar bør bli ein del av planprogrammet sine miljøkrav.

Desse omsyna bør takast inn i planprogrammet og i dei vidare konsekvensutgreiingane for å sikre at planarbeidet støttar måla om folkehelse, trygg matproduksjon og god klimatilpassing i Vestland.

Drikkevatt og vern av drikkevasskjelder

Mattilsynet forvaltar drikkevassforskrifta (forskrift om vannforsyning og drikkevann, FOR-2016-12-22-1868). Vårt ansvarsområde i planarbeid er å beskytte eksisterande og framtidige drikkevasskjelder og sikre at innbyggjarane får trygt og tilstrekkeleg drikkevatt.

Planprogrammet har gode intensjonar for klima, natur og beredskap, men omsynet til drikkevatt er ikkje omtala som eige tema. Drikkevassforsyning er ein grunnleggande del av folkehelsa, og det er viktig at planarbeidet tek inn krav til kjeldevern, klimatilpassing og risikoanalyse.

Mattilsynet si vurdering

Klimaendringar fører til meir nedbør og flaum, noko som aukar risikoen for forureining av drikkevasskjelder. Dette krev betre planlegging av arealbruk og avbøtande tiltak i nedbørsfelt.

- Drikkevatt bør løftast fram som eige tema i planarbeidet, med mål om ingen forringing av råvasskvalitet og redusert risiko i nedbørsfelt.
- Planprogrammet bør vise til samordning med regional vassforvaltningsplan, slik at miljømål og krav til ikkje-forringing blir lagt til grunn for framtidige arealprioriteringar.
- Konsekvensutgreiing (KU) bør vurderer verknader for råvasskvalitet, hydrologi, naturfare og kumulativ risiko, inkludert anleggsverksemd, masselagring og trafikkauke i nedbørsfelt.

Desse vurderingane bør først vidare inn i planprogrammet gjennom krav til:

- Krav til buffersoner og arealdisiplin i og nær drikkevassfelt.
- Bruk av blågrøne løysingar for å redusere avrenning og erosjon.
- Krav til førebyggjande driftsrutinar og beredskap for tiltak som kan påverke drikkevasskjelder.
- Samordning mellom arealplanlegging og vassverk sine ROS-analysar.

Desse vurderingane bør først vidare som del av planprogrammet sine krav til konsekvensutgreiing og retningslinjer for framtidig arealbruk.

Helse og velferd hos akvatiske dyr

Mattilsynet har forvaltningsansvar for å ivareta god velferd hos fisk og tifotkreps og fremje god helse hos akvakulturdyr og andre akvatiske dyr, jf. forskrift om dyrehelse (FOR-2022-04-06-631) og forskrift om drift av akvakulturanlegg (FOR-2008-06-17-822)

Mattilsynet si vurdering

Klimaendringar og auka menneskeleg aktivitet i sjø kan påverke velferda til fisk, tifotkreps og anna marint liv gjennom endra temperatur, straumtilhøve og vasskvalitet.

Utbygging i kystsona, hamneaktivitet og massehandtering i sjø kan føre til spreing av smittestoff, stress og dårlege miljøvilkår for både oppdrettsfisk og villfisk.

- Planprogrammet omtalar klima og kystsoner, men bør også løfte fram akvatisk helse og velferd som tema.

Tilrådde presiseringar

Planprogrammet bør omtale:

- Krav om å førebyggje smittespreiing mellom akvakulturanlegg og naturlege bestandar.
- Vurdering av verknader for marine miljøtilhøve, botnforhold og vasskvalitet ved utbygging, mudring og fylling i kystsona.

Desse punkta bør inngå som del av planprogrammet sine konsekvensutgreiingar og plantema under klima, miljø og berekraft.

Plantehelse og spreing av planteskadegjerarar

Mattilsynet forvaltar plantehelesforskrifta (forskrift om plantehele (FOR-2000-12-01-1333) og forskrift om floghavre (FOR-2015-06-22-752), naturmangfaldlova og matlova. Når det gjeld plantehele, har Mattilsynet ansvar for å hindre spreing av planteskadegjerarar som kan få alvorlege samfunnsøkonomiske konsekvensar. Etter matlova § 18 skal alle vise nødvendig aktsemd, slik at det ikkje oppstår fare for utvikling eller spreing av planteskadegjerarar. Dette regelverket er uavhengig av regelverket for framande artar som Miljødirektoratet forvaltar, og må vurderast særskilt.

Mattilsynet si vurdering

Planteskadegjerarar kan spreie seg med jordmassar, vatn, maskinar og planterestar.

Klimaendringar kan føre til at nye skadegjørarar etablerer seg og spreia raskare, noko som krev føre-var-tiltak i planlegginga.

- Planprogrammet bør synleggjere plantehele som ein del av miljøomsyna, særleg ved anlegg, massehandtering og jordflytting.

Tilrådde presiseringar

Planprogrammet bør omtale:

- Føre-var-tiltak for å hindre spreing av planteskadegjerarar ved anleggsverksemd, inkludert reingjering av maskinar og kontroll av massar.
- Krav til handtering av jord- og steinmassar som blir flytta mellom eigedomar eller regionar.

- Tiltak for å hindre avrenning og transport av jord og planterestar til nye område.

Desse tiltaka vil bidra til å sikre plantehelsa, redusere risiko for smittespreiing og styrkje det samla miljøomsynet i planarbeidet.

Med helsing

Mattilsynet, tilsynet

Victor Martin Horvath
seniorinspektør

Jorunn Aasgaard Grini
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND